

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Foldereid

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: P. Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjölstad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Oppskrifta er etter eiga röynsle og det eg har höyrd av gamle i bygda kring 1900 og seinare.

-----

1. Det er ukjent her i bygda, at kröterhandlare betalte meir for ei ku som ikke hadde fått skav om vinteren enn for ei som ikkje hadde fått det.

2. Heller ikkje er det kjent her, at det vart svart kjöt på ei ku som hadde fått skav, slik at det vart vanskeleg å få seld kjötet. Der dei hadde slik röynsle, måtte dei venteleg bruke skav av anna treslag enn her. Det er rogn som altid har vore skav-treeet her,- og osp til føl.

3. Det har hellerikkje vore noko tru om, eller röynsle for, at mjölk fra kyr som hadde vore fora med skav, vartfårleg for kalvar og smågriser. Dei som harhavt slik röynsle, må og truleg ha brukta skav av andre treslag enn rogn. Dei som her har brukta skav til mjölkekyr, heldt aldri - det ein veit - mjölk til smågriser og kalvar for seg sjølv.

4. Det har aldri vore så mykje skaving her i bygda, at det er tradisjon kor mykje dei brukte til

- kvar ku for året. Skav vart brukt som hjelpefor, eller helst berre som naudfor på vårparten, når dei såg at det ville bli vårknipe. Eg har höyrd om berre ein gardmann her i bygda som skov heile vinteren (Hågen Bach), og det er sagt at han brukte kring 60 lass på 8-10 kyr og kring 20 sau-er. Det skulle bli kring 5-6 lass på kvart kulag. Nokon regel, slik som i Vest-Agder, er ukjent her
5. Den vanlege reidskapen til å skava med her, det var ein vanleg tollkniv. Men når det var lange og slette og litt grove "leggar", kunne dei bruke vanleg bandkniv (ein kring 50 cm. lang og rett kniv med skaft på både endane, og eggja vendt mot han som brukte kniven). Dette var eit tömmermanns-reidskap, som ikkje var laga for skaving.
6. Når dei skov med tollkniv, la dei rognkjøppen over låret. Brukte dei bandkniv, la dei skavkjøppen over to bukkar, og sat på den enden som dei ikkje skov. Når dei hadde skave av eine halvparten, endsnudde dei kjøppen og sette seg på den enden som var avskoven. Staur eller stolpe, som nemnt i spm. 6, har ikkje vore brukt her.
7. Dei gardane som ikkje hadde skavskog, kjøpte skav på rot hos dei som hadde. Det var da vanleg å betale for lasset. Kring 1900 var prisen kr. 2 pr. lass, ein pris som heldt seg fram imot 1915. Leiga vart betalt kontant eller innrekna i anna millomver.
8. Ved deling av sameige-skog har det aldri her vore teke omsyn til skavskogen, - han gjekk ilag og likt med annan lauvskog.
- 9.. Almenning finst ikkje i Ytre Namdal.

10. Husmennene hadde rett til å ta lauvved til brensel i gardsskogen, og fekk da også ta rogn, som dei skov av til for, og brukte ~~skavhella~~ "skjeveln" til brensel.

11. Ordet "skavhella" er ukjent her.

12. At gardsnissen kunne setje skavet på skavveden når det var slurvut skave, er ukjent her.-(Men ein parallell til denne trua var, at trollkjeringa kunne setje sild på bein som var slurvut skrapa av beina. Dørfor var det gamal skikk å bryte av sildryggen når dei hadde skrapa av silda.)

-----